



Altivann VVS AS  
Skjoldvegen 73 B  
5221 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7619 - 14/28267

Saksbehandlar:  
Kari Elisabeth Io  
KEI@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2014

## Rørleggjarmelding for tilkopling til kommunalt vassverk gbnr 138/7 Tveiten øvre.

Delegert sak.

Vi viser til rørleggjarmelding av 20.10.2014 m/vedlegg:

- Godkjent avtale.
- Situasjonsplan.

Type arbeid : Tilkopling til kommunalt vassverk for eksisterande fritidsbustad (Kykjevegen 40).

### **SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:**

**Det er i nær framtid planar om etablering av ny kommunal slamavskiljar i samband med oppføring av nytt bygg på naboeigedom. Når den nye slamavskiljaren er ferdigstillt vil De få krav om tilkopling til dette anlegget.**

**Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.**

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg sØkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonment sitt ansvar å sØrgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.



Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompenserte tiltak.

Det skal sendast inn ferdigmelding til kommunen når arbeidet er utført (skjema vedlagt).

Faktura for tilknytingsgebyr følger vedlagt til eigar, og vi gjer merksam på at arbeidet ikkje må igangsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Med helsing

Kari Elisabeth Iø  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jan Harry Tvedt

Balders veg 11 A 5221

NESTTUN

**Mottakar:**

Altivann VVS AS

Skjoldvegen 73 B 5221

NESTTUN

